NATIONEN

Postboks 9390 Grønland
0135 Oslo

**Besøksadresse:**
Schweigaardsgate 34 A
www.nationen.no

**Sentralbord:**
Telefon: 21 31 00 00
Fax: 21 31 00 90
Redaksjonen etter kl. 16.00:
21 31 00 25

**Sjefredaktør/daglig leder:**
Mari Velsand
Direktenummer: 21 31 00 40
mari.velsand@nationen.no

**Nyhetsredaktør:**
Georg Mathisen
Direktenummer: 21 31 00 67
georg.mathisen@nationen.no

**Konstituert politisk redaktør:**
Kato Nykvist
Mobiltelefon: 913 22 017
kato.nykvist@nationen.no

**Magasinredaktør:**
Haakon Barstad
Direktenummer: 21 31 00 21
haakon.barstad@nationen.no

**Administrativ redaktør:**
Carl Hamre
Direktenummer: 21 31 00 16
carl.hamre@nationen.no

**Trøndelagskontoret:**

Hans Bårdsgård
Mobiltelefon: 911 98 998
hans.baardsgaard@nationen.no

**Debattredaksjonen:**
Kato Nykvist
debatt@nationen.no

**Abonnement og distribusjon:**
Man.–fre. fra kl. 08.00 til 15.00
Tlf: 21 31 44 41
Fax: 21 31 00 92
abonnement@nationen.no

**Annonser**
**Direktenummer: 21 31 44 44**
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:
Hverdager fra kl.
08.00 til 16.00
Tlf: 61 35 98 29
Tlf: 61 35 98 30
Fax: 61 35 98 40
annonser@nationen.no

pressens faglige utvalg
PFU

**Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige utvalg (PFU) er klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no**

NATIONEN MENER

# Når fylla har skylda

**Vi registrerer med** tilfredshet at regjeringspartiene vil stramme inn alkohollovgivningen slik at kommunene ikke lenger kan la utesteder være åpne til lenger enn klokka to om natta. Det var Aftenposten som i går hadde sammenholdt programarbeidet i de tre regjeringspartiene og konstaterte at de alle – med Senterpartiet som klareste gutten i klassen – er i ferd med å arbeide seg fram mot vedtak om å innskrenke åpningstidenes maksimalgrense.

**Dette er et** godt forslag. Det er så bra og nødvendig at man må tåle den innskrenkningen av kommunal selvråderett som følger med på lasset. Dette fortjener altså å bli vedtatt og gjennomført. Så får man jo rikelig anledning til å evaluere virkningen, og se om den svarer til forventingene.

**I høyrebølgens glanstid** var alkohollovgivingen et favorittmål for dem som ville frigjøre folket fra reguleringssamfunnets overformynderi. Frp boltret seg lenge med frislepp av hjemmebrenning, men «frigjørerne» nøyde seg med liberalisering av skjenkebestemmelser og overføring av mer makt til kommunene. Mesteparten av dette er både vel og bra, og må ikke reverseres.

**Men frihet forutsetter** ansvar. Det gjelder for den enkelte borger. Og det gjelder kommunene som skal stå imot presset fra lokalt restaurant-næringsliv. Dessverre må vi konstatere at ikke alle har vært seg sitt ansvar bevisst.

**Regjeringen vil foreslå strengere skjenketider. Dette er bra.**

**For nå har** fyll, bråk og vold tatt overhånd mange steder. I Oslo er fylla i sentrumsgatene en skam for byen, og farlig for dem som oppholder seg der. Politiet og forskerne skjønt enige om at mottiltaket mot uvesenet, er reduserte skjenketider. Det samme viser praksis i byer der åpningstidene er innskrenket.

**Også politikere bør** lære av sine feil. De som trodde «frigjorte» nordmenn ville velge middelhavslandenes alkoholkultur, må innse sin naivitet. Tilhengere av prinsippet om kommunal råderett må innse frisleppets konsekvenser. Det er på tide med en edruelig reform. Derfor bør regjeringspartiene bare stå på med sitt lovforslag. Og Høyre, Frp og Venstre bør tenke over sin motstand en gang til.

DAGENS GJEST

# Gi bygda eigne vindmøller

BJØRN EGIL FLØ

ÆRLIG TALT



**Tenk deg at** eg ringte på døra di ein dag og fortalte deg at hagen din var som skapt for epledyrking. Dette samstundes med at alle solemerke synte skyhøge epleprisar og stadig aukande etterspurnad etter både konsumeple, saft, sider og syltetøy, ja endatil prisane på eplekaker var i ferd med å nå ukjente høgder.

**Tenk deg so** at eg tilbaud deg ti kroner i året for kvart epletre eg planta, men i kontraktutkastet eg synte deg stod det at eg skulle ha alle epla som treet bar fram, det gjaldt også fallepla.

**Ville du ha** inngått ei slik kontrakt med meg? Sjølvsagt ikkje, ikkje så lenge du hadde høve til å velje. Nei, då skulle du heller ha planta dine eigne epletre og sjølv satsa som fruktbonde.

**For det er** så lageleg tilordna her i verda, me likar ikkje at nokon utnyttar verken oss eller andre. Me vil at alle skal ha sin rettmessige del av verdiskapinga og når det å produsere verdiar inneberer at enkelte må ta tyngre bører, vil me at dei skal ha godtgjort for børene dei ber. Det er grunnleggande for oss menneskjer det, me kallar det rettferd og nokre refererar til det som om det skulle vere ein sans.

**Dei tykkjest å** gløyme det dei som ropar på vindmøller og vindkraft her til lands. Dei slår oppgitt ut med armane og meinar at bygdefolks motstand mot vindparkar både er kortsiktig og usolidarisk. «De må då skjønne at landet trenger miljøvennlig kraft» seier dei indignert. At dei sjølve opererer tett på omgrepet ran er ein ting, men verre er det at framferda deira skaper varig misstillit til ein miljøvenleg kraftproduksjon me ikkje har råd til å missa.

**Den som ønskjer** å skape sympati og lokal velvilje for vindparkar kring om i bygdene må gi folk ein grunn til å ønskje å plante vindmøller i eigen bakgard. I staden for å ytterlegare styrke privilegia åt dei store aktørane i kraftbransjen må ein leggje til rette for at bygdefolket sjølve får høve til å produsere kraft med eigne møller. For det er lærdomen frå omverda, lærdomen frå dei som har lykkast med satsinga på vindenergi. Både Danmark og Tyskland, ja fleire andre land òg, har gitt politisk prioritet til lokalt eigde borgarvindparkar. Ei prioritering som ikkje berre har bidrege til å skape eit omfattande lokalt engasjement for vindkraft, men som også har stått for vekst både i den lokale verdiskapinga og i sysselsettinga. Lokalt eigde vindkraftprosjekt utgjer grunnlaget for det som i dag vert omtalt som det danske vindkrafteventyret. Eit industrieventyr som kan sporast attende til fyrst på 80-talet då den danske regjeringa vedtok ei omfattande subsidiering av vindkraftprosjekt. I dag, etter meir enn 25 år med nært samarbeid mellom politikarar, industri og danske lokalsamfunn, er nær 150.000 danskar deleigarar i eigne vindkraftprosjekt.

**Prosjekta er drivne** av bønder, huseigarar og næringslivet kring om i heile landet, anten uavhengig eller i det som på «ny-dansk» vert kalla «cooperative ventures» eller samvirkeforetak. I dag ser me at den same strategien vert nytta i fleire nordeuropeiske land, særleg Tyskland, Nederland og Sverige, sjølv Storbritannia har nyleg retta merksemda mot borgarvindparkar som utviklingsstrategi.

**Røynslene frå desse** lokalsamfunna har tydeleg synt oss at middels store lokalsamfunnseigde vindturbinar er ein farbar veg for å produsere rimeleg og miljøvenleg kraft for både landbruk, familiehushald samt små og mellomstore bedrifter kring om i grendene. Like viktig er kanskje det faktum at det også gjer noko med vår oppleving av kva som er stygt og pent. For så lenge det er «litt ditt» er det gjerne også litt vakrare.

**Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk senter for bygdeforskning.**



**TIL RETTE: Den som ønskjer å skape lokal velvilje for vindparkar, må leggje til rette for at bygda sjølv får produsere kraft med eigne møller.**
FOTO: STEINAR JOHANSEN, NTE